



Medlemmer og varamedlemmer i FAU 2018-2019

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2214 - 18/35888

Saksbehandlar:

Turid Kirsten Sporsheim Tvedt

turid.sporsheim.tvedt@lindas.kommune.no

Dato:

29.11.2018

Referat frå møte i FAU, 28.nov -18

Desse møtte: Silje Dale, Ramona R. Bårdsen, Mariann Reikerås, Marianne Lid, Turid S. Tvedt og Anette Myhr

Desse meldte forfall: Bente T. Kjøpstad og Elisabeth Tverfjell.

Sak 12 - 18/19 - Godkjenning av innkalling og sakliste

Det blei lagt inn ekstra saker:

- Evaluering av TV-aksjonen, sak nr 16-18/19
- Evaluering av spelekveld, sak nr 17-18/19

Sak 13 - 18/19 - Planlegging av juletreffest 20. desember.

Hovudsak.

- Vi har sett over arbeidsoppgåver som trengs til denne dagen, og plassert aktuelle føresette på dei ulike oppgåvene. Turid skriv inn i eit ferdig laga dokument ho har, og sender ut til dei aktuelle personane tidleg veke 50.

- Turid har laga invitasjon. Denne blir sendt ut som ranselpost i løpet av veke 49.

- Juletrete må komme på fot i gymsal med julelys seinast onsdag kveld. Ønske at trete et «ferdig tint og tørka» før denne dagen. Avtale med Morten Tveit om dette. FAU må hente trete.

Ansvarlege: Anette Myhr og Hege Bårdsen.

- Tradisjon: 7. trinn pyntar juletre og gymsal torsdag.

Sak 14 - 18/19 - Planlegging av eventuell temakveld til våren

- Først blei det drøfta kva type arrangement som har vore tidlegare; t.d Barnevakten, grensesetjing, ernæring, førstehjelp, for å nemne nokre. Fleire føler at desse er litt «oppbrukte», sjølv om dei framleis er aktuelle. I tillegg er fleire av desse meir kostbare å leie inn. Ein ønskjer å

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



finne noko som kan få fleire til å komme.

- Forslag: Politiet kan komme å snakke om rus og narkotika blant unge. Dette er eit tema som er mest aktuell for dei med eldre born, men ein ser nytten for dei som er yngre og.

- Forslag 2: Helsesøster kan komme å snakke om overgrep med meir. Aktuelle å spørje er skulens helsesøster Jannick Eriksen. Eventuelt avdelingsleiar for helsesøster Randi Træland Hella. Det blei og nemnt Hilde Reikerås som var med å løyse overgrepssaken «Dark room». SMISO er og ein aktuell organisasjon som kan snakke om dette emnet.

- Ønske om å invitere naboskulane. Enten Myking og Eikanger, eller dei som høyrer til ungdomsskulekrinsen. Dette for å trekke til fleire folk, og dele på eventuelle kostnader.

- Forslag å plassere kvelden ein gong mellom vinterferie og påske (mellom veke 10 og 16). Det er mest sannsynleg då det er mindre travelt enn andre tider på året.

Sak 15 – Ymse

- Evaluering av TV-aksjonen
- Evaluering av spelekveld
- Utdeling av vedtatt skulerute 2019/20

Sak 16 18/19 - Evaluering av TV-aksjon 17. oktober

- Ikkje det beste oppmøte av folk. Veldig få frå bygda. Kjem det av at folk ikkje var informerte godt nok, eller såg dei ikkje nytta med denne type arrangement? Neste gong bør ein promotere betre på førehand slik at bygda ser at det er for alle og ikkje berre familiar på skulen.

- Til tross for at oppmøtet ikkje var det beste var stemninga god blant dei som var der.

- Elevane var flinke som stod på kjøkkenet. Dei synes og det var stas å få bidra på denne måten.

- Altfor mykje kaker. Kanskje prisen var for lav og? Vanskeleg å skaffe nok vekslepengar.

- Det kom inn ca. 7000 kr i kontant denne kvelden. Nokre betalte med kort, desse pengane har ikkje kome inn på konto som gjekk til TV-aksjonen. Difor er det usikkert kor mykje totalsummen utgjorde. Ein reknar med det er eit par tusen på kort. Fleire har og nytta seg av å setje pengar direkte inn på skulen sin konto til TV-aksjonen.

- Nokre saknar opplegget med sponsorløp og lotteri i samband med spelekveld. Dei meiner det fenga elevane meir.

Sak 17 - 18/19 –Evaluering av spelekveld 14. november

- Eit greitt oppmøte av føresette og elevar.

- Mange kom raskt i gong med å finne seg plassar og starte spel. Ein god del vaksne var med på å spele.

- Mange av barna valde å vere ute i ballbingen og liknande.

- Det var ikkje mykje pizza igjen når kvelden var omme, sjølv om det var veldig mykje mat. Det som var igjen fekk SFO dagen etter.

Anette Irene Myhr
FAU leiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Medlemmer og varamedlemmer i
FAU 2018-2019